

Juleverkstad for alle klassar

25.11.2011



Juleverkstaden i fjor samla meir enn 20. Kjem det enda fleire i år?

Måndag kveld blir det juleverkstad i Bedehuset og det er eit samarbeidsopplegg med Hobbyklubben. Det betyr at det blir deling i to aldersgrupper, frå 17 til 18.30 er det verkstad for born til og med 4. klasse og frå 19 til 20.30 for dei frå 5. klasse og oppover. Barnearbeidar Ragnhild Nesse blir med på begge grupper og bidrar med bibelfortellingar.

I andre avdelingen kjem dei vanlege aktivitetane som plar vera i Hobbyklubben. Alt tyder på at avisgruppa då vil ha fullført Uskedalspostens julenummer og ein annan aktivitet vil vera toving av hjerter.

I gruppa for dei yngre blir det mellom mangt anna baking av pepperkaker og vindusmåling.

Det var også juleverkstad i Bedehuset i fjor og tiltaket vart svært vellukka med over 20 deltakarar. Målsettinga er at det skal koma enda fleire i år. Det vil vera ein fin opptakt til jula og ingenting er vel så populært som sjølvlagda julegåver!

Dei som har gått på eitt av tilboda på Bedehuset og betalt medlemspenger for dette året går gratis. Andre er også velkomne - for 50 kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen